

Arne M. Kvamme  
Kvamsvegen 17  
5911 Alversund

Dato: 25/10/2016

Til

Lindås kommune  
v/ Inger Marie Jordal  
Postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

**MERKNAD TIL SØKNAD OM DISPENSASJON OG SØKNAD OM TILTAK I KVAMSVÅGEN**

Viser til nabovarsel datert 06.10.16 om saka, motteke rekommendert her 13.10.16.

Me synest det er godt at spørsmålet om høveleg tilkomst til friområdet no kan verte løyst gjennom det makeskifte som her vert vist til. Under føresetnader som vist nedanfor, har me heller ikkje noko imot at nausttomt til Asgeir Kvamme (141/71) vert lagt direkte attåt den eksisterande naustrekka som vist i søknad med vedlegg.

I dette føreset me at dei løysingar som vert valde fullt ut ivaretek våre etablerte eigedommar og tilhøyrande rettar i same området. Viser her til vedlegg 3 og 4, som skisserer tomta 1,5 meter lenger fram mot kaikant og båtopptrekk enn eksisterande naustrekke. Me føreset såleis at me har

- uforringa tilkomst til naust og kaiareal
- uforringa tilkomst til – og bruk av – båtopptrekket
- løysing for bua ved sørrenden av naustrekka – som inneholder fellesinstallasjoner til el-straum og ferskvatn, og er klargjort for å montere el-vinsj til båtopptrekk.
- uendra vegrett til eige fellesareal og til naust

For båtplass som vist ved flytebrygga har me ingen merknader.

Venteleg vil ny eigar ønske å byggje naust på tomta, sjølv om det ikkje er tema for dette nabovarselet. Det er difor her nødvendig å minne om at det i sør-enden av neverande naustrekke er ei bu. Me går ut frå at det i saka om den aktuelle tomten (141/71) vert funne løysing på korleis desse installasjonane (bua) skal ivaretakast. Likeeins at det er planlagt korleis nytt naust kan oppførast sidan tomten har sams grenselinje med det inste naustet i neverande naustrekke.

Me kan vere villige til å drøfte løysingar dersom det ikkje påfører oss økonomiske kostnader.

For ordens skuld nemner me også at me har lagt grøft med leidning for kloakk (og kommunal vassleidning) i neverande vegtrase frå Fitjene og til sjøen. Ved evt arbeid med ny veg skal denne ivaretakast, og me skal sikrast varig rett til eventuelt vedlikehald av leidningsnettet.

Under føresetnader som er nemnde ovanfor har me ikkje innvendingar mot søknaden sine tre punkt.

Med helsing  
for Kvamme felles

Arne M. Kvamme